

ÅRSMELDING 2019 og 2020



Innhold

Styret i 2019.....	1
Styret i 2020.....	1
Aktive medlemmer	2
Styrearbeid og aktiviteter	2
Digital festival	2
VO-midler og Prosjektmidler.....	3
Samarbeid regionalt og sentralt.....	3
Instruksjon og opplæring	3
Undervisningsmaterieil	4
Programvare	4
Møtelokale.....	4
Sosiale opplegg	5
Rekneskap 2019	6
Rekneskap 2020	7
Grafar	8
Notat til rekneskapet	8
Revisjonsmelding 2019 og 2020.....	9
Budsjett 2021.....	9

Styret i 2019

Leiar:	Kolbjørn Bergseth	Revisor:	Jon Gunnar Løland
Kasserar:	Marloes Vos	Valnemnd:	Björg Ladehaug
Sekretær:	Borgny England Slagstad	Medlem:	Ester Skei Klausen
Varamedlem:	Hildur Smådal	Medlem:	Åse Kjæland
		Varamedlem:	Jorunn H. Johnsen

Styret i 2020

Det tillyste årsmøtet 19. mars 2020 vart avlyst etter regjeringa si nasjonale nedstenging frå 12.mars. Valnemnda hadde før årsmøtet innstilt Odd Skrede som ny leiar etter at Kolbjørn Bergset hadde sagt frå seg attval. Odd Skrede har vore fungerande styreleiar frå mars 2020 og ut året. Dei andre i styret har halde fram med samme funksjonar dei hadde i 2019.

Aktive medlemmer

I medlemsregisteret til Seniornett Norge var det per 19.10.2020 registrert 158 betalende medlemmer frå Seniornett Førde.

Ved slutten av 2019 hadde vi 80 aktive medlemmer som møtte jamleg kvar veke. I vårsemesteret 2020 hadde vi 74 aktive medlemmer fram til vi måtte avbryte semesteret etter nasjonal nedstenging frå 12. mars. I haustsemesteret 2020 har 59 medlemmer vore med på kursdagane våre.

Både i 2019 og 2020 har vi halde fram med kurs kvar torsdag og fredag med to grupper kvar dag. Ved inndeling av gruppene har vi prøvd å ta omsyn til kompetansen til deltakarane. Likevel har kvar deltakar sitt ønskje om møtedag og tid vore mest avgjerande for gruppeplassering. Dette har som tidlegare år medført til dels stor variasjon i kompetanse mellom deltakarane i nokre av gruppene.

75 medlemmer har i 2018/2019 betalt kursavgift til Seniornett Førde. Av desse er 21 nybegynnarar.

74 medlemmer har i 2019/2020 betalt kursavgift til Seniornett Førde. Av desse er 20 nybegynnarar.

Styrearbeid og aktivitetar

I 2019 er det gjennomført 5 styremøte og behandla 27 saker, og i 2020 har vi også hatt 5 styremøte og behandla 27 saker.

Referata frå styremøta er lagt ut på nettsida til Seniornett Førde, sjå [«Møtereferat»](#).

Lokalsida til Seniornett Førde finn ein ved søkje på «Seniornett Førde», eller ved å logge inn på Seniornett Norge og gå vidare til «Lokalforeningar». Der er det også lagt til ei lenke til vår Facebook-side.

Info om data-hjelp under Koronaen

Monrad, Borgny og Egil hadde i juni møte med journalist Theo B. Wilson frå Firda med tanke på å få ut informasjon om at Seniornett Førde kunne yte datahjelp til dei som måtte trenge det under Koronaen. På møtet fortalde vi også ein del om Seniornett Førde, om våre kursopplegg og korleis vi driv. Oppsummering frå møtet kom som artikkel i [Firda 16.juni](#).



Internett-kafé

I meldingsperioden har vi arrangert ein Internett-kafé. Det var 1. mars 2019 i Viking ungdomshus, der vi hadde digitaliseringskoordinator Jakob Andre Sandal som gjesteforelesar med temaet: «*Framtida for digital kompetanse i Sunnfjord kommune*».

Digital festival

Både i 2019 og i 2020 har vi vore medarrangørar av Digital Festival. Digital Festival er eit samarbeid mellom Seniornett Førde, Førde Bibliotek og Førde Friskliv og Frivilligsenter.

Tema på **Digital Festival i 2019** var mellom anna:

- lese bøker på mobil, orientering ved Førde Bibliotek
- ulike banktenester på nett ved Sparebanken Sogn og Fjordane
- digitale tenester i nye Sunnfjord kommune, ved stabsleiar Ellen Jensen

Hovudtema på **Digital Festival i 2020** var «Falske nyheiter på Internett – og den digitale kvardagen i korona-tider». Generalsekretær Kristin Ruud i Seniornett Norge var gjestetalar med dette tema. Andre innslag var m.a. intervju med Norvald Østerbø om korleis det er å vere ny nettbrukar. Assisterande kommuneoverlege i Sunnfjord, Halvard Seljesæter, snakka om smittevern: «Aktivt liv på ein trygg måte». Møtelokalet dette året var Storsalen i Førdehuset, der det var lett å praktisere smittevern-reglane. Ca. 50 personar deltok på arrangementet. I etterkant av arrangementet hadde styret «Evalueringslunsj» på Pikant i lag med generalsekretær Kristin Ruud.

VO-midlar og Prosjektmidlar

Vi har både i 2019 og 2020 nytta oss av ordninga med VO-midlar til våre kurs. Begge år har Seniornett Førde vore i landstoppen både når det gjeld antall gjennomførte kurs og deltakarar på kurs. Frå 2020 blir støtta frå VO-midlane tildelt ut frå antall kurs som er gjennomført, mot tidlegare i høve til kor mange deltakarar som har fullført kursa.

I 2019 rapporterte vi 8 kurs i vårsemesteret med 186 deltakarar, og 5 kurs i haustsemesteret med 117 deltakarar.

For 2020 rapporterte vi 16 kurs med 146 deltakarar i vårsemesteret, og 20 kurs med 218 deltakarar i haustsemesteret.

På grunn av korona-pandemien vart minstekravet til kursdagar og kurstimar redusert frå minst 8 kurstimar til 4 kurstimar per kurs. Slik vi driv i Seniornett Førde har dette vore fordelaktig for oss. I staden for å gjennomføre temakurs med minst 8 timar, har våre semesterprogram vore lagt opp slik at vi vekslar mellom ulike tema for kvar kursdag, og gjerne repeterer same tema fleire gonger gjennom semesteret.

Frå Norsk Tipping har vi fått inn Grasrotmidlar. Her kan vi alle vere med å bidra ved å registrere Grasrotmidlar til Seniornett Førde.

Seniornett Førde har ikkje søkt Sparebankstiftinga om midlar i rapportperioden fordi vi ikkje har sett i gang nye prosjekt i desse åra, men vi har søkt om kr 10 000 frå Elkjøp-fondet.

Samarbeid regionalt og sentralt

Landsmøtet i Oslo 13. og 14.mai 2019

Landsmøtet blir arrangert annakvart år. Seniornett Førde deltok med 4 utsendingar til landsmøtet i 2019. Dei som møtte var: Leiar Kolbjørn Bergset, instruktør Egil Nestande, instruktør Monrad Kolstad (møtte for Seniornett Norge) og styremedlem Borgny E. Slagstad.

Landsmøtet vedtok å auke kontingenten i Seniornett Norge til 350 kroner frå 2020. 150 kroner går til lokalforeininga og 200 kroner til Seniornett sentralt.

Sjå Seniornett Norge for meir info om Landsmøtet. <https://www.seniornett.no/om-oss/landsmoter/>

Instruksjon og opplæring

I tillegg til våre faste instruktørar, Monrad og Egil, har Helge og Marloes vore fast medhjelpar både på opplæring og på meir tekniske ting for medlemmene. Helge er vår «ekspert» når det gjeld å få PC-ane til å virke normalt, og spesielt oppsett av ulike e-postvariantar. Marloes har vore medhjelpar på gruppene både torsdag og fredag og gitt støtteundervisning individuelt eller i mindre grupper til dei som treng ekstra oppfølging.

Semesterprogram

Både i 2019 og 2020 har vi halde fram med å lage kursprogram for kvart semester. Programmet har vi prøvt å tilpasse til nivået på deltakarene i kvar gruppe, der vi også har lagt vekt på å få variasjon mellom ulike tema. Vi har prøvt ulike variantar, mellom anna med

«Månadstema» og «Månadsoppgåver» der målet har vore å få kursdeltakarane til å bruke tillært kunnskap til å løyse konkrete oppgåver. Likevel har dei fleste kursdagane gått mykje på repetisjon av tema vi har vore gjennom ein eller fleire gonger tidlegare. For Fredagsgruppene, som vi reknar som mest vidarekomne, har vi ikkje laga noko detaljert program i haustsemesteret 2020, men har overlatt til gruppene å bestemme tema for neste kursdag. På slutten av vårsemesteret i 2019 fekk kursdeltakarane semesteroppgåve der dei skulle lage invitasjon til våravslutninga. Flott repetisjonsoppgåve.

Nytt i haustsemesteret 2019 var «Etter-kaffi-timen». Formålet med denne ordninga var at medlemmene kunne ta opp problem og ymse spørsmål dei måtte ha utanom dagens program. Ved å få slike spørsmål etter kaffipausa i staden for ved starten av kurstimen, rekna vi med å unngå «Sunnfjordsk halvtime» og dermed komme raskare i gang med det oppsette tema for dagen. Denne ordninga har fungert berre så nokolunde, men vi har likevel valt å forsette med ordninga.

Haustsemesteret har vi vanlegvis starta med eit informasjonsmøte. Dette gjennomførte vi også i 2019 ved å invitere både nye og tidlegare deltakarar til møte i Viking. Hausten 2020 vart ikkje slikt info-møte gjennomført, delvis på grunn av smittevernomsyn under koronapandemien. Men i samband med Digital Festival 2020 informerte vi om Seniornett Førde og vårt kursopplegg med tanke på nye deltakarar.

Eit viktig innslag i haustprogrammet 2020 var biblioteksjef Jorun Systad som gjesteforelesar. Ho gav ei grundig innføring for alle gruppene om «*Bibliotektenester på nett*».

Mange nye deltakarar i 2019

På info-møtet i Viking hausten 2019 registrerte vi over 25 interesserte, og ved kursstart møtte det 21 nye deltakarar. Dette var ei nybegynnargruppe i største laget, og nokre av dei som hadde bra kompetanse vart difor sette opp i andre grupper. Dermed vart dei andre gruppene for store for lokalet vårt i Brunosten. For å løyse dette oppretta vi ei ny fredagsgruppe – gruppe 5. I haustsemesteret 2019 hadde såleis Monrad og Egil 3 grupper på fredag med undervisning frå kl.10.30 til kl.15.45. Etter ein del fråfall gjennom semesteret kunne vi i vårsemesteret 2020 igjen gå over til 4 grupper.

I forkant av kvar kursdag har vi sendt kvar gruppe e-post med informasjon om kva vi skal arbeide med på neste kursdag. På den måten er deltakarane litt budde på emna vi skal ta opp, gjerne ved å oppsøke nettsider gjennom lenker innlagt i e-posten.

Undervisningsmateriell

Vi tilrår framleis Magasinet frå Seniornett til innføring i og hjelp med det grunnleggande. På den nye nettsida frå 2017 kan alle elles hente mykje informasjon, m.a. frå «Tips og triks», og frå datamanualane som Seniornett Norge har utarbeidd.

Vi viser også ofte til dei detaljerte rettleiingane for aktuelle emne vi har hatt på kursa, og som er lagt ut på vår nettside under [«Egils reviderte»](#). Lærebøker ut over dette har vi ikkje brukt, men nokre har på eiga hand kjøpt inn slike.

Programvare

Det er ein stor fordel at alle deltakarane har same program på sin PC. I tillegg til Windows tilrår vi at alle installerer og brukar Office-pakke med epost-programmet outlook.

Møtelokale

Lokala vi har disponert i Brunosten har vore bra tilfredsstillande for våre behov, men med noko dårleg akustikk. Til tider har det også vore problematisk for alle å komme på nett. Det har dessutan vore litt trangt i kursrommet når alle har møtt i dei største gruppene (20 stk).

Mot slutten av 2019 fekk vi melding om at vi måtte skaffe nye kurslokale frå hausten 2020. Etter ein del sonderingar og kontakt med kommunen, fekk vi tilbod om nytt kurslokale i Musikkrommet i Førdehuset. Det er eit romslegare lokale enn det vi hadde i Brunosten, noko som er veldig bra etter innføring av strenge smitteverntiltak på grunn av Korona-pandemien. Jamvel med fulle grupper på 20 deltakarar greier vi å halde nødvendig avstand mellom deltakarane.

Når alle gruppene skal samlast, har vi leigd ungdomshuset Viking. Dette har vore i samband med årsmøtet, Internett-kafé, oppstartsmøtet om hausten, og vår- og haustavslutning (førjulsfest) på semestera. Bruk av Viking har ikkje vore aktuelt i 2020.

Sosiale opplegg

Vår felles, halv-times kaffipause i sofagrappa ute i gangen/hallen på Brunosten har vore eit høgdepunkt i kvar gruppe, og noko dei fleste har sett pris på. Det sosiale er kanskje det viktigaste for mange, etter dei tilbakemeldingane vi har fått. Medan vi sit i sofagrappa tek vi gjerne ein kort repetisjon på det vi har prøvt oss på inne i kursrommet (populært kalla: «Monrads overhøyring»).

Ordnina der ein av deltakarane tek med «noko attåt» til kaffien har vi fortsett ut 2019 og fram til korona-nedstenginga i mars 2020. Dette har gått på omgang, og har vore enkelt og praktisk. Etter at vi måtte flytte frå Brunosten og over til Førdehuset, har vi ikkje lenger den same intime atmosfæren omkring kaffipausa. I Førdehuset må vi kjøpe kaffi og noko attåt frå kafeen i Førdehuset, og etter smittevernreglane vi må halde god avstand mellom borda og ved kvart bord. Pauselokalet vårt er dessutan ein del plaga med støy og uro frå nærliggande område i Førdehuset.

Vi hadde i 2019 som vanleg avslutning av vårsemesteret før påske, og julefest i desember. Då ordna vi triveleg, festpynta lokale, med gode kaker, variert underhaldning og blomar til hjelparane. På avslutninga av vårsemesteret i 2019 var 37 medlemmer til stades. På desse fellessamlingane har Hildur vore vår gode, strukturerte og punktlege koordinator.

På grunn av nedstenginga i mars vart vårsemesteret 2020 avkorta og vi kunne ikkje arrangere våravslutning. Vi har heller ikkje hatt juleavslutningsfest i 2020.

Helsing styret og instruktørane

Kolbjørn, Borgny, Marloes og Hildur
Leiar, skrivar, kasserar og varamedlem

Monrad og Egil
instruktørar

Odd Skrede
Fungerande Leiar

Rekneskap 2019

DRIFTSREKNESKAP	Rekneskap 2019		Budsjett 2019	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	25 850,00		25 000,00	
Programvare + lisensensar	8 700,00		3 500,00	
Kaffipengar	21 681,50		20 000,00	
Tilskot	37 478,45		23 000,00	
Finansinntekter (renter)	55		50	
Godtgjersle til instruktørar for utlegg		26 000,00		25 000,00
Servering		13 914,04		10 000,00
Utstyr		13 750,00		5 000,00
Kopiering		42,5		1 500,00
Drift		2 747,50		4 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		1 200,00		1 500,00
Reiseutgifter		6 230,00		10 000,00
Lokalleige		14 090,00		18 000,00
Andre utgifter		997,4		500
Finanskostnader (bankgebyr)		225		250
Resultat		14 568,51	4 200,00	
Sum	93 764,95	93 764,95	75 750,00	75 750,00

RESULTATKONTO

Sum inntekter	93 764,95	
Sum utgifter		79 196,44
Fordringar 31.12.2019	0	
Gjeld 31.12.2019	0	0
Resultat (overskot)		14 568,51
Sum	93 764,95	93 764,95

BALANSEKONTO per 31.12.2019

	Debet	Kredit
Eignedelar:		
Bankinnskot 01.01.2019	79 191,15	
Overskot 2019	14 568,51	
Eigenkapital (og gjeld):		
Kreditorar		0
Kapital per 31.12.2019		93 759,66
Sum	93 759,66	93 759,66

Kolbjørn Bergset
Leiar

Marloes Vos
Kasserar

Rekneskap 2020

DRIFTSREKNESKAP	Rekneskap 2020		Budsjett 2020	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	25 900,00		25 000,00	
Programvare + lisensar	6 000,00		5 000,00	
Kaffipengar	17 950,00		20 000,00	
Tilskot	35 144,83		30 000,00	
Finansinntekter (renter)	26,00		50,00	

Godtgjersle til instruktører for utlegg		38 000,00		26 000,00
Servering		11 880,00		12 000,00
Utstyr		3 647,90		7 000,00
Drift		1 695,00		3 500,00
Godtgjersle til tillitsvalde		1 200,00		1 200,00
Reiseutgifter		0,00		2 500,00
Lokal leie		5 670,00		24 000,00
Andre utgifter		1 769,70		2 500,00
Finanskostnader (bankgebyr)		141,00		150,00
Resultat		21 017,23		1 200,00
Sum		85 020,83		80 050,00

RESULTATKONTO

Sum inntekter	85 020,83	
Sum utgifter		64 003,60
Fordringar 31.12.2020	0,00	
Gjeld 31.12.2020	0,00	0,00
Resultat (overskot)		21 017,23
Sum	85 020,83	85 020,83


BALANSEKONTO per 31.12.2020

	Debet	Kredit
Eignedelar:		
Bankinnskot 01.01.20	93 759,66	
Overskot	21 017,23	
Eigenkapital (og gjeld):		
Kreditorar		0,00
Kapital per 31.12.2020		114 776,89
Sum	114 776,89	114 776,89

Odd Skrede
Fungerande Leiar

Marloes Vos
Kasserar

Grafar



Notat til rekneskapet

Godtgjersle til instruktører for utlegg	Posten er 50% er høyere enn budsjettert fordi det er utbetalt ein sum på kr 7 500 til kvar av instruktørane Monrad og Egil til kjøp av datautstyr.
Lokalleige	Posten er blitt mye lavere enn budsjettert. <ol style="list-style-type: none"> 1. Fra 01.07 vart vi oppsagt som leiartakar i Brunosten. Etter 01.07 har vi fått leie rom i Førdehuset uten kostnader 2. På grunn av Korona-pandemien vart det ikkje aktuelt å leie Viking til store samlinger i 2020
Servering	Sunnfjord Catering står for alle servering i Førdehuset, under pause av hvert kurs får vi kaffi og svele for kr 20 pp. Deltakare betaler kontant kr 20 i en pot, Egil betaler med kort etter kursene
Generelt	Kursåret er blitt veldig amputert etter mars pga korona, fikk holde kurs som planlagt på hausten

Revisjon


Revisjonsmelding 2019

Rekneskapen er revidert og funnen i orden. Overskot kr. 14.568,51 er tillagt bankkontoen og dette påplussa inngående saldo fra 1. januar 2019 stemmer med saldo på bankkonto ved årets utløp. Revisor er ikkje kjend med utestående krav eller fordringar. Rekneskapen blir tilrådd godkjend.

Jon Gunnar Løland (sign.)

Revisor

Revisjonsmelding 2020



21. januar - 21
Revidert og funnen i orden.
Tilgås godkjent.
Jon Gunnar Løland
- revisor -

BUDSJETT 2021		
	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	12 000,00	
Programvare + lisenser	5 000,00	
Kaffipengar	15 000,00	
Tilskot	25 000,00	
Finansinntekter (renter)	30,00	
Godtgjersle til instruktører + medhjelparar		26 000,00
Servering		15 000,00
Utstyr		5 000,00
Drift		2 500,00
Godtgjersle til tillitsvalde		1 200,00
Lokalleige		0,00
Reiseutgifter		10 000,00
Andre utgifter		5 000,00
Finanskostnader (bankgebyr)		150,00
Resultat	7 820,00	
Sum	64 850,00	64 850,00

Merknad: Vi regner med at underskott blir dekt inn med oppsparte midler.